

UTKAST (20.01.2025)

Forskrift om gebyr for sakshandsaming og tilsyn av avløpsanlegg, Etne kommune, Vestland

Kapitteloversikt:

- *Kapittel 1: Generelle vilkår (§§ 1-1 - 1-4)*
- *Kapittel 2: Sakshandsamingsgebyr (§§ 2-1 – 2-3)*
- *Kapittel 3: Gebyr for tilsyn av avløpsanlegg (§ 3-1)*
- *Kapittel 4: Ikraftsetjing (§ 4-1)*

Heimel: Fastsett av Etne kommunestyre dato 2025 med heimel i lov av 13. mars 1981 nr. 6 om vern mot forureiningar og om avfall (forureiningslova) § 52a, jf. forskrift av 1. juni 2004 nr. 931 om avgrensing av forureining (forureiningsforskrifta) § 11-4, og lov av 10. februar 1967 om behandlingsmåten i forvaltningssaker (forvaltningslova) § 27a.

Kapittel 1. Generelle vilkår

§ 1-1. Verkeområde

Forskrifta gjeld gebyr for kommunen si sakshandsaming og tilsyn med avløpsanlegg der Etne kommune er forureiningsstyresmakt etter forureiningsforskrifta kapittel 12, 13 og 15.

§ 1-2. Definisjonar

I denne forskrifta tyder:

a. Avløpsanlegg: Anlegg for handtering av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, hytter og liknande, og kommunalt avløpsvatn frå mindre tettstadar.

b. Avløpsvatn: Sanitært avløpsvatn er i hovudsak avløpsvatn frå menneska sitt stoffskifte og frå hushald, inkludert avløpsvatn frå vaskerom, kjøkken, bad eller liknande.

c. Tilsyn: Det samla arbeidet som kommunen har med kontroll av at reglar og vedtak fatta i medhald av kapittel 12 og 13 i forureiningsforskrifta vert følgd, inkludert dokument- og systemkontroll, stadlege tilsyn og nødvendige reaksjonar i form av varsling og pålegg.

§ 1-3. Om gebyra

Gebyra skal dekke kommunen sine kostnader med tenesta og skal samla ikkje overstige kommunen sine kostnader med sakshandsaming og tilsyn (sjølvkostprinsippet).

Gebyrsatsane vert fastsett årleg av kommunestyret og trer i kraft frå det tidspunkt kommunestyret vedtek. Kommunestyret kan fastsetje ulike satsar ut frå saksomfang.

Gebyra er tvangsgrunnlag for utlegg, jf. forureiningslova § 52a og tvangslova kapittel 7.

§ 1-4. Klage

Enkeltvedtak med heimel i denne forskrifta kan påklagast etter reglane i forvaltningslova. Klagen vert handsama av formannskapet. Gebyr må betalast innan forfallsdato sjølv om gebyrvedtaket er påklaga. Det er ikkje høve til å klage på reglane i denne forskrifta eller gebyrsatsane fastsett med heimel i forskrifta.

Kapittel 2. Sakshandsamingsgebyr

§ 2-1. Utsleppsløyve for sanitært avløpsvatn frå private avløpsanlegg

Tiltakshavar skal betale eit eingongsgebyr for kommunen si sakshandsaming ved søknad om løyve, eller endring av løyve, til utslepp av sanitært avløpsvatn frå hus, hytter og liknande, jf. kap. 12 (§§ 12-4 og 12-14) i forureiningsforskrifta.

§ 2-2. Utsleppsløyve for kommunalt avløpsvatn frå mindre tettstadar

Tiltakshavar skal betale eit eingongsgebyr for kommunen si sakshandsaming ved søknad om løyve, eller endring av løyve, til utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettstadar, jf. kap. 13 (§§ 13-4 og 13-17) i forureiningsforskrifta.

§ 2-3. Utsleppsløyve for oljehaldig avløpsvatn

Tiltakshavar skal betale eit eingongsgebyr for kommunen si sakshandsaming ved søknad om løyve, eller endring av løyve, til utslepp av oljehaldig avløpsvatn, jf. kap. 15 (§§ 15-4 og 15-8) i forureiningsforskrifta

§ 2-4. Betalingsplikt

Alle som får utført tenester etter kapittel 2 i denne forskrifta skal betale gebyr. Dette gjeld òg ved avslag på søknad. Tiltakshavar er ansvarleg for betaling av gebyret. Når sakshandsaminga av ein mottatt søknad om utsleppsløyve krev større arbeidsmengde enn det som vert rekna som normalt, kan gebyret bereknast etter medgått tid.

Kommunen kan i særlege tilhøve fråfalle krav om gebyr eller redusere gebyret dersom det i enkeltsaker vil vere urimeleg høgt.

Kapittel 3. Gebyr for tilsyn av avløpsanlegg

§ 3-1. Tilsynsgebyr

Tilsynsgebyr er eit årleg gebyr som skal betalast av bebudd eigedom med innlagt vatn som ikkje er tilknytt kommunalt avløpsanlegg. Det skal betalast gebyr for tilsyn av løyve gitt til:

a) Utslepp av sanitært avløpsvatn frå bustadhus, fritidsbustader og liknande, mindre enn 50 pe,

b) Utslepp av kommunalt avløpsvatn frå mindre tettbustader,

c) Utslepp av oljehaldig avløpsvatn

Eigaren av anlegget er ansvarleg for betaling av tilsynsgebyr. Tilsyn kan omfatte dokument- og systemkontroll og stadleg tilsyn, etter vurdering av behov.

Storleiken på tilsynsgebyra vert fastsett årleg av kommunestyret. Kommunestyret kan avgjere om årsgebyret skal fakturerast over fleire terminar.

§ 3-2. Søknad om fritak frå tilsynsgebyr

For eigedommar som ikkje er i bruk i eitt kalenderår eller lengre, kan det søkjast skriftleg fritak frå tilsynsgebyret. Midlertidig fritak blir gitt for eitt år om gongen.

For å få midlertidig unntak frå tilsynsgebyret må vanntilførsla stengjast av og plomberast av godkjent føretak, og dokumentasjon på dette må sendast til kommunen. For permanent unntak må vanntilførsla fysisk koplast frå innvendig sanitærinstallasjon av godkjent føretak, og dokumentasjon på dette må sendast til kommunen.

§ 3-3. Fakturering

Årsgebyr for tilsyn vert fakturert saman med andre kommunale avgifter og gebyr.

Kapittel 4: Ikraftsetjing

§ 4-1. Ikraftsetjing

Forskrifta tek til å gjelde frå dato 2025